



Meland Kommune

Dato. 08.09.2015

Bygesak 239/2015

Gnr 55 Bnr 58

Det fremmes klage på vedtak den 13.07.2015 der det gis avslag på dispensasjon for oppføring av fritidsbolig.

Som nemnd vart det vedteke ny kommuneplan i Meland 17.6.2015. Denne planen opnar ikkje for oppføring av nye fritidsbustader i området.

Her er søknad datert og levert før ny kommuneplan vart vedteke. Søknaden skal behandles etter gjeldane plan når søknaden vart motteken av kommunen. Vi leverte søknaden 29.04.2015 kl 13.57.

Eigedomen og om søkt fritidsbustad ligg svært tett ved sjøen og felles badevik på Skjellanger. Denne badeviken er mykje brukt. Fritidsbustaden vil få ein eksponert plassering mot badeviken, som administrasjonen meiner både vil kunne vere til sjanse for andre brukarar av badevika og i nokon grad kunne verke privatiserande på denne.

Eigedomen er utskilt i sin tid frå barndomsheimen til Ingunn Alise Skjellanger Sørli. Søkar har god kontakt med lokalbefolkinga i området og har gjennom en årrekke feriert i området og delvis på tomen. Søkar har stor respekt for nærmiljøet og rettigheter. Dette viser blant anna arbeidet søker har gjort i ei årrekke for å oppretthalde rettigheten brukarane har til stien som går rett gjennom vår eigedom. Området har òg i dag en hytte i vest som ligg forholdsvis tett inntil badestranda.

Eigedomen har i alle dei åra søker har hatt den, blitt vedlikehalde og ivareteke for å få til eit miljø i området som alle kan trivast med. Dette har søker fått bare gode tilbakemeldingar på. Søkar er open for å gjere endringar/justeringar dersom det er meir hensiktsmessig.

At det går ein gruslagt veg mellom eigedomen og badevika er etter administrasjonen sitt syn ikkje tilstrekkeleg til å fullt ut motverke dei negative verknadene med tiltaket.

På grunn av denne vegen så vil ikke søker ha noko meir fordelar til sjøen enn andre som brukar vegen og stranda. Begrensinga til søker, blir gjerdet som går langs vegen. Denne vegen er etter søkers mening eit klart og tydeleg skile til fellesarealet og strandsona. Denne vegen blir i dag brukt for tilkomst til 3 eigedommar mot nordvest. Elles er det bådeigarar/grunneigarar som bruker vegen.

Høyring instans. Dispensasjonssøknaden har vært på høring og det er ikke kome inn merknad frå fylkeskommunen og fylkesmannen. Det vil sei at tiltaket ikke strir med lovjemelen §1-8 bygg ng i

strandsona slik fylkeskommunen og fylkesmannen ser saka. Då kan ikkje vi forstå kvifor kommunen har gjeve avslag for bygging i strandsonen. Det ser ut for oss som om at vedtaket er fatta bokstaveleg etter lovgjemelen §1-8 i plan og bygningsloven, det er ikkje slik det skal være.

Vi ber kommune om å oppheva vedtaket datert den 13.07.2015 og gje dispensasjon for bygging av fritidsbustad på gardsnummer 55/58.

Til informasjon:


Farge med svart tekst er utdrag fra teksta i vedtaket frå Meland kommune.

Farge med rød tekst er kommentarer fra oss.

Med venleg helsing Arnfinn og Ingunn Alise S Sørli

Byggsøk Norge AS

Jarle Pedersen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Jarle Pedersen".